

Utviding av oppdrettsanlegget på Silda.

Dokument 24/4815 –

Søknad om endring av lokalitet 39577 Silda – Blom Fiskeoppdrett AS

Seks av tretten produksjonsområder for fiskeoppdrett langs norskekysten får grønt lys av staten og kan auke produksjonen. I to områder må produksjonen reduserast.

Dei to raude områda er Karmøy-Sotra og Nordhordland-Stad. Det raude lyset for desse områda videreførast fra forrige fargekart. Raudt lys innebærer at produksjonen må reduserast med 6 prosent, i følge Regjeringa.

Dei resterande fem produksjonsområda får gult lys. To av produksjonsområda som var grønne i 2022, har blitt gule i år. Gult lys innebærer at produksjonen korkje kan vokse eller må avta. Disse områda er Ryfylke og fra Stad til Bodø.

– *Vi fortsetter å legge til rette for vekst i områdene hvor lakseluspåvirkningen på villaks er akseptabel. Det innebærer også at produksjonskapasiteten holdes uendret i flere områder, og at vi reduserer produksjonskapasiteten i områder med uakseptabel påvirkning, sier fiskeri- og havminister Cecilie Myrseth (Ap) i en pressemelding.*

I høve søknad om auka biomasse på oppdrettsanlegget på Silda, ønsker vi å peike på følgjande:

- Raudt lys for oppdrettsnæringa i område Nordhordaland - Stad.
- Frå grønt til gult lys i område Stad – Bodø
- Vekst i oppdrettsnæringa må skje på fisken og naturen sine premisser, det gjer den ikkje i dag.
- Utviding av oppdrettsvolumet må ikkje skje før næringa kan dokumentere god nok kunnskap, betra fiskehelse og fiskevelferd, og at lyset for oppdrettsnæringa i området har gått frå raudt til grønt.
- Det er dokumentert korallforekomstar ved og rundt lokaliteten. Det er og andre korallforekomstar i nærområdet som kan få påverknad av anlegget. Vest, sørvest og sør for Flatholmen er eit kjent område med korallar.
- Det vert hevda at auke av produksjonen ikkje vil gje særleg påverknad for befolkninga og andre interesser. Dette er ikkje rett. Sildarane var klart imot at oppdrettsanlegget vart plassert i Sildaklakkane. Dei mista då ein god og mykje brukt fiskeplass for fritidsfiske etter mellom anna storsei. Også andre bygdelag i området brukte denne spesielle fiskeplassen, og var imot etableringa.
- Lokale utslepp som følge av for og avføring vil auke som følge av auka produksjon. Dette er heilt klart ei auke av negativ forureining og vil påverke villfisken og oppvekstvilkåra for denne.
- Vi kan ikkje lenger tillate at forureining og sjukdom i denne næringa skal sette så store negative fotavtrykk i havrommet.
- Overføring av smitte frå oppdrettsfisk til villfisk må hindrast. Forureining og sjukdom i oppdrettsnæringa må vere historie

- Det handler om å ta ansvar for å skape eit så reint miljø i havet at det ikkje lenger er fare for å forureine miljø og oppvekstvilkåra for andre fiskeslag.
- Mange på kysten opplever redusert bulyst og reduksjon i rekreasjonsområder på grunn av oppdrettsnæringa med den bruken av areal og forureining den har i dag. Dette må takast på alvor. Alle må spele på lag for å gjere oppdrettsnæringa «levelag» både på land og i sjø
- Miljødirektoratet seier at rundt 190.000 oppdrettslaks er innrapportert som rømt i gjennomsnitt kvart år i siste 10 åra.
- Rømt oppdrettslaks og lakselus er dei største truslane mot villaksen. Det skriver Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL) i sin rapport fra 2020. Rømt oppdrettslaks påverkar ville laksebestandar så sterkt at dei kan bidra til at bestandar blir kritisk trua, eller går tapt. Dette gjeld påverknad som: genetisk innkryssing, auka smitte frå lakselus, infeksjonar, konkurranse om gyteplass, skjulmulegheiter og mat.
- Havforskningsinstituttet meldte i februar 2024 at det var innmeldt 65 millionar laks som døde i oppdrettsanlegg i 2023. Dette er ei gjennomsnittdødelegheit på godt over 15 %. I enkelte områder var dødelegheita på 27 %. Havforskningsinstituttet meiner at produksjonsdødelegheita teikner eit tydeleg bilde av høg risiko knytta til dårleg dyrevelferd for oppdrettslaks i sjø i produksjonsområda langs heile kysten frå svenskegrensa til Hustadvika i Møre og Romsdal. Den høge dødelegheita forklarast blant anna av at fisken på Vestlandet har hatt meir lakselus- og sjukdomsproblem og tåler avlusing dårlegare enn lenger nord.
- SalMar-gründeren Gustav Witzøe uttalte på Dagsrevyen 6. mars 2024 at dei har mangla fagleg forståing, og erkjenner at dei har eit problem med laksedød i merdane sine. Han etterlyste meir kunnskap i oppdrettsnæringa, og at næringa over tid har gått feil veg. Han peika spesielt på generell fiskehelse, fiskevelferd og at ein ser auka dødstal og forfaktor over tid. Dei opplever store mengder død og alvorleg sjuk fisk i merdane.

Med dette som bakgrunn går Sogn og Fjordane Småfiskerlag, avdeling av Norges Fritids- og Småfiskerforbund, imot at oppdrettsanlegget på Silda får auke i biomasse frå 2340 tonn til 3120 tonn.

18.03.2024

Sogn og Fjordane Småfiskerlag

Ottar Nygård, leiar